

Til skolestart sender vi huskelister til elevrådet, FAU, SU/driftsstyret, lærere, klassekontakter, skoleledere og skoleeiere for å minne om at alle har et ansvar for elev- og foreldremedvirkning i skolen. Disse har gitt innspill og støtte til arbeidet med huskelistene: Utdannings- og forskningsdepartementet, Kommunenes Sentralforbund, Læringscenteret, Utdanningsforbundet og Skolenes Landsforbund.

“Huskeliste” for klassekontakter



Det legges til rette for god elev- og foreldremedvirkning i din klasse/gruppe når

- klassekontakter og lærere sammen utarbeider forslag til plan for hjem-skole-samarbeidet
- forslag til plan og temaer for samarbeid drøftes og vedtas på foreldremøte
- klassekontakter og lærere har faste samarbeidsmøter der de sammen planlegger innholdet i og ledelse av foreldremøtene
- foreldremøtene preges av aktivitet og dialog
- elevenes faglige og sosiale utvikling, arbeidsmetoder, innholdet i undervisningen og læringsmiljøet er de viktigste temaene på foreldremøtene
- du holder god kontakt med alle foreldrene i klassen/gruppa og bidrar til god deltagelse på foreldremøtene og konferansetimene
- foreldremøtene blir evaluert
- du skriver referat fra møtene slik at alle foreldrene vet hva som skjer og hva som skal følges opp
- klassekontaktene er bindeledd mellom FAU og de øvrige foreldrene og fremmer saker for FAU på vegne av alle foreldrene i klassen
- du tar kontakt med “nye” foreldre
- nye klassekontakter velges om våren og får god informasjon om oppgavene sine
- du delegerer ansvar og involverer flere foreldre
- elever, foreldre og lærer har utarbeidet retningslinjer for hvordan mobbing i klassen/gruppa skal håndteres

Kvalitet i skolen er alles ansvar!



Til skolestart sender vi "hugselister" til elevrådet, FAU, SU/driftsstyret, lærarar, klassekontaktar, skoleleiingar og skoleeigarar for å minne om at alle har eit ansvar for elev- og foreldremedverknad i skolen. Desse har gitt innspel og støtte til arbeidet med hugselistene: Utdannings- og forskingsdepartementet, Kommunenes Sentralforbund, Læringscenteret, Utdanningsforbundet og Skolenes Landsforbund.

“Hugseliste” for klassekontaktar



Det er lagt til rette for god elev- og foreldremedverknad i klassen din/gruppa di når

- klassekontaktar og lærarar saman utarbeider forslag til plan for heim-skole-samarbeidet
- forslag til plan og tema for samarbeid blir drøfta og vedteke på foreldremøte
- klassekontaktar og lærarar har faste samarbeidsmøte der dei saman planlegg innhaldet i og leiinga av foreldremøta
- foreldremøta er prega av aktivitet og dialog
- elevane si faglege og sosiale utvikling, arbeidsmetodar, innhaldet i undervisninga og læringsmiljøet er dei viktigaste tema på foreldremøta
- du held god kontakt med alle foreldra i klassen/gruppa og medverkar til god deltaking på foreldremøta og konferansetimane
- foreldremøta blir evaluerte
- du skriv referat frå møta slik at alle foreldra veit kva som skjer og kva som skal følgjast opp klassekontaktane er bindeledd mellom FAU og dei andre foreldra og fremjer saker for FAU på vegner av alle foreldra i klassen
- du tek kontakt med “nye” foreldre
- nye klassekontaktar blir valde om våren og får god informasjon om oppgåvene sine
- du delegerer ansvar og involverer fleire foreldre
- elevar, foreldre og lærarar har utarbeidd retningslinjer for korleis mobbing i klassen/gruppa skal handterast

**Kvalitet i skolen —
eit ansvar alle har!**